

Merknader til reguleringsplan for

**FLØSVIKA, Gnr 196 bnr 4m. fl., Lindås Kommune.**

**Plan-ID: 1263-201009**

**For Leknesvegen 177. Gnr. 195/60-69**

Overnevnte Gnr./bnr. Har felles kloakk som kryssar G.nr. **195/235** og **195/2**. Denne er nevnt i eigen merknad.

Gnr **195/60-69** ligg på toppen av bratt skråning ved **BKS3**.

Ved hjørne i nord/øst av vår tomt er det teikna inn ein parkeringsplass **SPP3**.

Det er her stor høgdeforskjell (10-15 meter?) mellom vår tomt og **SPP3**, og det vil her verta ein loddrett fjellvegg/skjæring i minst 10 meters høgde og 20 meters lengde mot nord

Ved sprenging og opparbeiding av **BKS3** og **SPH3** er det viktig at forstøtningsmur og jordmasse i tomtegrense vert sikra mot skader og utglidning, og at alle forebyggjande tiltak og reperasjon av eventuelle skader vert kosta av utbyggjar.

Dette gjeld også skader som måtte oppstå på andre hus og murer på eigedommen.

På tomt **195/60** er det eit borehol på 130 meter, som vert brukt som jordvarmekjelde for varmepumpe.

Borehol for jordvarme har vannstand rett under bakkenivå. Eventuelle kostnader ved endringer på vannstand og kapasitet i borehol etter sprenging i området skal dekkast av utbyggjar.

**Støy.**

Så mange nye hus som det er planlagt i Fløsvik byggefelt vil medføre auka støy i det som no er eit rolig boligstrøk, og det ville vore ønskelig med langt færre bueiningar.

**Generelt om planen:**

Grøntområder er stort sett tegna inn i det brattaste terrenget og ein kan undra seg på om det er ein klatrepark som skal etablerast.

**Infrastruktur:**

Meir hus/folk fører til meir biltrafikk. Dette vil medføre endå større belastning på Fv 391, som alt i dag er ein farleg veg for mjuke trafikkantar. Det manglar fortau på store delar av strekningen mellom Mundal og kryss i Hillesvåg.

Der det er fortau er det ikkje veglys.


Fortau og veglys frå Mundal til kryss i Hillesvåg må byggjast ut før ein set i gang ytterligere utbygging i området.

Vegen over Apalen til Hjelmås er også gang og sykkelveg til kyrkje, butikk og badeplass. Også her bør det etablerast fortau før Leiknes/Hjelmås området vert vidare utbygd.

Det er også generelt knapt med møteplassar langs vegen, og det er stort sett private avkjørsler som vert brukt til møteplasser.

Gudmund og Jenny Husdal  
Leknesvegen 177  
5915 Hjelmås

Leiknes 27/3 2015

A large, stylized handwritten signature in black ink, appearing to read 'Gudmund Husdal', with a long horizontal flourish extending to the right.